



Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 03.06.2015

Sak nr.: 15/1745-6

Internt l.nr.: 20512/15

Sak: 62/15

Tittel: **Personsammanfall mellom fylkesrådet for eldre og fylkesrådet for funksjonshemma**

Behandling:

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Fylkestinget vedtek reviderte reglement for fylkesrådet for eldre og fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne i samsvar med vedlegg 1 og 2.

Endringsframlegg:

Kristeleg Folkeparti og Arbeidarpartiet sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Det vert ikkje gjort endringar i organiseringa av Eldrerådet og Rådet for funksjonshemma.
2. Reglementet for Rådet for funksjonshemma vert endra slik: Namnet på rådet vert endra til: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.
3. I begge reglementa for begge råda vert det teke inn ei formulering om at det skal vere kjønnsbalanse ved samansetting av råda.

Avrøysting:

Framlegget frå Kristeleg Folkeparti og Arbeidarpartiet vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå fylkesrådmannen kom ikkje opp til avrøysting.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Det vert ikkje gjort endringar i organiseringa av Eldrerådet og Rådet for funksjonshemma.
2. Reglementet for Rådet for funksjonshemma vert endra slik: Namnet på rådet vert endra til: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.
3. I begge reglementa for begge råda vert det teke inn ei formulering om at det skal vere kjønnsbalanse ved samansetting av råda.